

Referat frå møte nr. 64, 19. februar

Dato: 6. mars 2015

Til stades: **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar

Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen HF

Stein Tore Nilsen, Helse Stavanger HF

Marit Solheim, Helse Førde HF

Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF (tilstade frå kl. 10:45)

Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen

Robert Bjerknes, Universitetet i Bergen

Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen

Jarle Eid, Universitetet i Bergen

Jan Petter Larsen, Universitetet i Stavanger

Frøydis Bruvik, observatør, Dei private, ideelle institusjonar

Anne Kari Hersvik Aarstad, observatør, høgskulane i regionen

Mari Nes, observatør, Noregs forskingsråd

Forfall: **Gunnar Mellgren**, Helse Bergen HF

Nina Langeland, Universitetet i Bergen

Pål Berger, brukarrepresentant

Sekretariatet: **Sølvi Lerfald**
Ingrid Kalsnes (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 1/2015	Godkjenning av saksliste og referat
Vedtakssak	<p>Innkalling til møte 19. februar 2015 vart godkjent. Referatet frå møte 28. november 2014 vart godkjent med dei kommentarane som kom fram på møte; det vert ført inn i referatet at Jan Petter Larsen meldte seg inhabil i sak 43/2014 og at representanten ikkje var tilstade under behandlinga av saka.</p> <p>Tre saker vert tatt opp under eventuelt.</p>
Sak 2/2015	Fagleg rapport 2014
Vedtakssak	<p>Fagleg rapport 2014 vart utdelt i trykt versjon på møte, og Sølvi Lerfald orienterte om innhaldet i rapporten. Det er gjort fleire endringar i årets versjon, både i innhald og i omfang.</p> <p>Samarbeidsorganet er tilfreds med arbeidet som er gjort med årets rapport. Det vart etterspurt tal på fordelinga av frie midlar på dei ulike HFa. Dette blir sendt ut saman med referatet.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det regionale samarbeidsorganet tek Fagleg rapport 2014 til etterretning.</i>

Sak 3/2015	Helse Vests forskingskonferanse i 2014 og innspel til tema for ny konferanse i 2015
Vedtakssak	<p>Forslag til program vart lagt fram i saka. Samarbeidsorganet kom med innspel på at programmet bør innehalde både forskingstematikk og forskingspolitiske tema. Eit konkret innspel til dette var ønskje om eit internasjonalt namn innan persontilpassa medisin. Helse Stavanger og Universitetet i Stavanger vil utforme ein bok i programmet kring samfunnssikkerheit.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek rammene for årets forskingskonferanse. Sekretariatet tek med seg innspela i møtet i arbeidet med den endelige utforminga av programmet.</i>
Sak 4/2015	Retningslinjer for samarbeidsorganet EU-satsing
Vedtakssak	<p>Forslag til retningslinjer var vedlagt saka. Det kom to innspel til desse på møte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avgrensing/omfang av ordninga må tydeleggjeraast i teksten - Det er naudsynt å presisere formuleringane kring rekneskapsførte EU-midlar, dvs. kva ein kan søkje om påskjøning for <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek retningslinjene for EU-ordninga som skissert i saka og med innspela som kom fram i møte.</i>
Sak 5/2015	Evaluering av søknadsprosessen
Vedtakssak	<p>Retningslinjene og rammene for årets søknadsprosess vart vedteke på junimøtet med bakgrunn i evalueringa av fjarårets søknadsprosess. Innspel til årets prosess har kome underveis i søknadsrunda og også etter at vedtaka er fatta. Forslag til endringar i retningslinjene var beskrive i saka. Samarbeidsorganet peika på at retningslinjene må vere enda meir eksplisitte på kva som diskvalifiserer søknadar.</p> <p>I samband med årets oppdragsdokument er det lagt inn formuleringar om brukarmedverknad og vurdering av nytte i forskinga. Dette vil bli nærmere omtala i sak som skal leggjast fram på aprilmøtet.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Med utgangspunkt i saka og innspela som kom fram i møte, blir forslag til reviderte retningslinjer lagt fram for samarbeidsorganet på møte i april.</i>
Sak 6/2015	Tildeling til regional strategisk satsing
Vedtakssak	<p>Robert Bjerknes og Alf Henrik Andreassen meldte seg inhabile og var ikkje tilstade under behandlinga av denne saka.</p> <p>Samarbeidsorganet vedtok tildeling til fem strategiske satsingar i novembermøtet. Vidare vart det vedtatt å invitere to søkerar til å skrive ein ny felles søknad om strategiske midlar innan det tematiske området «Livsløp med god helse, med fokus på barn og unge». Søkerane takka ja til oppdraget og ein ny søknad er levert. Leiaren for vurderingskomiteen for dei strategiske midlane har vurdert søknaden som klart støtteverdig, og det vert peika på at koordineringa kan seiast å ha vore svært vellukka.</p>

	<p>Satsingane som fekk tildelt midlar i november har blitt innkalla til møte for avklaring av budsjett/fordeling av midlar og ivaretaking av det regionale perspektivet. Sekretariatet planlegger ytterlegare eitt oppfølgingsmøte før sommaren.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek tildeling til satsinga «Belastninger i sårbare perioder og fremtidig helse» på til saman kr. 15 mill. fordelt over 5 år.</i>
Sak 7/2015	Orienteringssaker
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Status for oppfølging av samarbeidsorganets forskingsstrategi 2. Samansetjing av arbeidsgruppe for utarbeiding av ny forskingsstrategi 3. Tildeling av midlar til store tverregionale forskingsprosjekt (helseforsk) 4. Oppdragsdokumentet 2015
Sak 8/2015	Eventuelt
	<ul style="list-style-type: none"> • Habilitet og inhabilitet vart diskutert på møte. Samarbeidsorganet ber om at det blir lagt fram forslag til habilitetsreglar for samarbeidsorganet med utgangspunkt i forskingsrådets habilitetsreglar. • Tildeling av søkbare midlar vart i 2014 utsett til desember som følgje av at dei økonomiske rammebetingelsane måtte avklarast. 75 prosjekt fekk tildeling mot 84 i den opphavlege innstillinga. • Baard-Christian Schem orienterte om dekking av reiseutgifter for pasientar som skal delta i forskingsprosjekt i helseføretaka.
<p>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 24. april 2015 på <u>Clarion Hotel Bergen Airport</u>, kl. 10.30 – 14.30</p>	